



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Egil Hauge, 5557 2350

Vår dato
05.10.2016
Dykkar dato
27.05.2016

Vår referanse
2014/6530 421.3
Dykkar referanse

Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

Referat frå møte om revidert planframlegg - Sysendalen - kommunedelplan

Vi viser til brev av 4.7.16. frå Eidfjord kommune, med melding om vedtak av kommunedelplan for Sysendalen.

Fylkesmannen kom i brev av 11.7.16. med merknader til planvedtaket, der vi vurderte at planen og planvedtaket hadde ein del manglar som gjorde at saka førebels ikkje var klar for oversending til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) til endeleg avgjerd. I svarbrev av 1.9.16, har Eidfjord kommune kommentert og gjort greie for synet sitt på Fylkesmannen sine merknader. Det vert konkludert med at kommunen, på bakgrunn av brev frå Statens vegvesen (SVV) og Fylkesmannen ikkje ser grunnlag for vidare dialogmøte, men ynskjer i staden at planen går til mekling. Vidare går det fram at dersom meklinga gjev grunnlag for det, vil kommunen vere open for å fremje saka på nytt for kommunestyret.

Med dette som bakgrunn, inviterte Fylkesmannen til eit formøte til ei eventuell mekling, der målet var å vurdere statlege motsegnspunkt og korleis desse var vurderte og tekne inn av kommunen, i samband med planvedtaket. Møtet vart halde den 22.9.16. i Statens hus, Bergen.

Til stades på møtet

Eidfjord kommune

- Anved Johan Tveit, ordførar
- Aud Opheim Lygre, rådmann
- Geir Underhaug, assisterande rådmann
- Gunnar Elnan, einingsleiar areal og miljø

Hordaland Fylkeskommune (HFK)

- Eva Katrine Taule, fungerande plansjef

Statens vegvesen (SVV)

- Carl Erik Nielsen, seksjonssjef
- Hilde Gunn Stenseth, senioringeniør

Fylkesmannen

- Lars Sponheim, fylkesmann
- Rune Fjeld, assisterande fylkesmann
- Egil Hauge, prosjektleiar – samordning

- Kjell Kvingedal, miljøvernsjef
- Svein Kornerud, fagdirektør
- Christian Johan Alstad, seniorrådgjevar.

Møtereferat

Fylkesmannen ønska velkommen. Kommunen v/ ordførar orienterte deretter om prosessen fram til planvedtak. I utgangspunktet meiner kommunen at ein har handsama dei innspela som har kome korrekt, men ser at prosessen har gått raskt og at det m.a. har skjedd endringar i plankart under vegs, utan at det har vore kommunisert formelt til høyringspartane.

Kommunen ser òg at planskildringa har manglar og burde vore oppdatert og kan vurdere å gjere dete.

Hordaland Fylkeskommune (HFK) orienterte om handsaminga i Kultur og ressursutvalet og peika på at utvalet hadde til handsaming eit kart som administrasjonen ikkje hadde hatt tilgang til ved handsaminga si. Uvisse om kartmateriale har etter fylkeskommunen sitt syn medverka til at medverknaden i og handsaminga av planarbeidet har vore vanskeleg. Fylkeskommunen saknar ei meir grundig vurdering av planen sine verknader når det gjeld Regional plan for Hardangervidda og vonar at prosessen vidare framover vil gje saka meir klar.

SVV sine motsegnspunkt vart deretter gjennomgått og drøfta. For SVV er det viktig å sikre ei løysing for gåande og syklende, samt at det må leggjast til rette for kryssløysingar som stettar krava til trafikktryggleik i gjeldande retningsliner/ handbøker. Vidare må byggegrenser vurderast. Parkeringsplassar vert vanlegvis kravd etablert i minimum 20 meters avstand frå veg, i snørike område. Eventuell usemje om vegstandard og trafikktal må òg løysast i planen. SVV gav elles uttrykk for at ein bør sjå på trafikksituasjonen og tryggleiken i området for kommunedelplanen samla.

Eidfjord kommune meinte at dei ikkje hadde motteke brev av 21.6.16. frå SVV. Fylkesmannen opplyste til dette at han har lagt til grunn at SVV sin uttale uansett må takast opp til vurdering som motsegn, mellom anna fordi Fylkesmannen òg har fremja motsegn til at funn i ROS-analysen ikkje er tilstrekkeleg følgde opp og fordi det vil vere opp til KMD, i siste instans, å vurdere om motsegna skal takast til følgje. Fylkesmannen fekk heller ikkje tid til å vurdere motsegna med tanke på eventuell avskjering, før kommunen fatta vedtaket sitt. Det vart kommunen vart vasla om per telefon og elles i førebels uttale datert 24.6.16.

Fylkesmannen orienterte deretter om eiga motsegn og korleis denne må tolkast. Vi har teke til etterretning at kommunen ønskjer at planen vert sendt KMD til endeleg avgjerd, då det ut frå kommunestyret sitt vedtak ikkje kan forventast at ein kjem fram til full semje om arealbruken som er føreslegen. For Fylkesmannen, som eventuelt skal førebu oversendinga til departementet, er det likevel naudsynt at planen held tilstrekkeleg god kvalitet og at verknadane av planen er godt skildra. Det må gå fram at kommunen har vurdert alle motsegnspunkta, også SVV sine punkt og dei punkta Fylkesmannen har peika på i den samordna uttalen sin av 28.4.16. Fylkesmannen viste elles til kommentarane sine til melding om planvedtak, jf. brev av 11.7.16. Fylkesmannen sa seg lei for misstydinga om at heile arealet aust for Drølstølbekken var teke inn att, jf. kulepunkt 5. Det er òg vist til feil dato i kulepunkt 3 i brevet. Rett dato skal vere 8.6.

Oppsummering – vegen vidare

Fylkesmannen oppfatta etter møtet at det var semje om at planen må arbeidast noko meir med, og at kommunen vil handsame den i kommunestyret på nytt, før den eventuelt går til KMD for endeleg avgjerd. Partane er vidare samde om at det i så fall ikkje bør vere trong for eit nytt formelt meklingsmøte.

Eidfjord kommune har teke til etterretning at ikkje alle motsegner som var fremja mot planen vart tilstrekkeleg handterte og løyste. Vidare vil planskildringa bli oppdatert og vurdert på nytt, jamfør Fylkesmannen si motsegn og uttale frå HFK. Kommunen vil, saman med Statens vegvesen, i første omgang drøfte dei utfordringane SVV har peika på med omsyn til trafikktryggleik og korleis desse kan løysast, t.d. gjennom endra/ supplerande føresegner. Dersom ein kjem fram til løysingar som kan akseptrast, reknar vi med at ògså Fylkesmannen si motsegn basert på funna i ROS-analysen, ikkje lenger vil vere aktuell.

Avslutningsvis viser vi til at *Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan og digitalt planregister, pkt. 1.5.1*, når det gjeld utforminga av kart ved oversending av plan til KMD. Vi legg til grunn at plankarta om naudsynt vert kvalitetssikra når det gjeld dette.

Fylkesmannen står til rådvelde for kommunen i det vidare arbeidet, dersom det er ønskje om det. Vi legg òg til grunn at Eidfjord kommune no held andre partar med interesse i planarbeidet orienterte og minner på generelt grunnlag om at kommunen som planstyresmakt alltid må vurdere om endringar som vert føretekne i planar etter offentleg ettersyn vil gjere det naudsynt med ny høyring.

Med helsing

Rune Fjeld
assisterande fylkesmann

Egil Hauge
prosjektleder

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Statens Vegvesen - Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger